



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Sakliste og Referat

Møte/utvalg:	Strategisk samarbeidsutvalg
Møteleiar:	Mona Ryste
Referent:	Bodil Haugen Våge
Møtenummer:	2/2021
Dato:	1.12.21
Tid:	10.00 – 15.30
Stad:	Vestnes Fjordhotell

Varamedlemar møter berre ved særskilt innkalling.

Referat

Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Renathe Rossi-Kaldhol	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Herøy kommune	Forfall
Mona Ryste <i>Leiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikkl Volda sjukehus	Ja
LSU Ålesund		
Elisabeth Siebke	Leiar LSU Ålesund Klinikkssjef Klinikkl Ålesund sjukehus	Ja
Synnøve Vasstrand Synnes	Nestleiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	Forfall
LSU Molde		
Oddbjørn Tomren	Leiar LSU Molde Avdelingssjef medisin og nevrologi Klinikkl SNR	Ja
Tanja Thalen <i>Nestleiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Nestleiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	Ja
LSU Kristiansund		
Ingeborg Johnsrud Dyrnes	Leiar LSU Kristiansund Kommunalsjef helse, Smøla kommune	Ja
Kjell Åsmund Bryn	Nestleiar LSU Kristiansund Seksjonsleder BUP Kristiansund klinikkl SNR	Ja
Brukerrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatkreftforeningen)	Ja
Brukerrepresentant helseforetak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukerutvalget HMR	Ja
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	Forfall
Thilde Svela, fast vara PK	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	Ja
Felles samarbeidssektretariat		
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR, leiar Felles samarbeidssektretariat	Ja
Alf Reistad	Romsdal Regionråd dagleg leiar (ROR), nestleiar Felles samarbeidssektretariat	forfall



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Sakliste og Referat

Bjørn Buan	Nordmøre interkommunalt politisk råd (IPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune	Ja
Bodil Haugen Våge	Nordre Sunnmøre Rådgjevar Ålesund kommune, felles samhandlingsressurs Nordre Sunnmøre	Ja
Oddvar Marøy	Søre Sunnmøre, stabsleiar tildeling og koordinering Ørsta kommune, førebels felles samhandlingsressurs Søre Sunnmøre	Ja
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	Forfall
Britt Valderhaug Tyrholm	Spesialrådgjevar, samhandlingsseksjonen HMR	Ja

Sakliste og Referat

Sak nr.	Sak	Aksjon/vedtak	Ansvarleg
5/21	Velkomen ved leiar Strategisk samarbeidsutval Godkjenning av innkallinga Saker til eventuelt	Referat: Presentasjonsrunde Innkallinga er godkjend Ingen saker til eventuelt. SSU er fornøgde med sakene og oppmodar om å melde opp viktige saker.	Mona Ryste
6/21	Godkjenning av referat frå førre møte 15.9.21	Sjå referatet HER Referat: Referatet er godkjend	Mona Ryste
7/21	Formål og oppgåver i Helsefelleskap M&R	Gjennomgang og forståing av oppgåver i helsefelleskapet (ref. samarbeidsavtalen). Referat: Ref. Vedtak Sak 7/21 Partnerskapsmøte 17.11.21: Vedtak: <i>Partnerskapsmøtet gir Strategisk samarbeidsutvalg i oppdrag å konkretisere og tydeliggjøre oppgavene til de ulike nivåene i helsefelleskapet med utgangspunkt i den godkjente samarbeidsavtalen mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal. Arbeidet skal sikre en felles forståelse av oppgavene med siktemål om et velfungerende Helsefelleskap som gir verdi for brukerne/pasientene, partnerne, utvalgene og fastlegene. Presisering av oppgavene skal legges frem for Partnerskapsmøtet til godkjenning, men uten ny revisjon av selve samarbeidsavtalen.</i> ROR og LSU Molde har brukt tid på å sjå på dei ulike oppgåvene i Samarbeidsavtalen og stiller seg ein del spørsmål knytt til dette. Dette vil ein nytte når ein prøver å klargjere innhaldet i oppgåvene. Vedlagt presentasjon. Innspel: ROR har sendt sine spørsmål til dei andre regionråda. SR har svart ut dette på den måten at Samarbeidsavtalen er ny av	Eli Klara Otterlei



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Sakliste og Referat

		<p>året med den nye strukturen, men at mange av spørsmåla er relevante å stille og er ein del av det større biletet ein bør jobbe med i det vidare. Det kan vere behov for å forenkle. Viktig å ta utgangspunkt i den vedtekne samarbeidsavtalen og ikkje prøve å redigere på avtalen. Vi har fått i oppgåve å konkretisere mandata.</p> <p>Er det behov for å ha eit fokus på samarbeidssekretariatet si rolle inn i dei ulike prosessane i Helsefelleskapet.</p> <p>Vedtak:</p> <p>SSU tek imot oppdraget frå Partnerskapsmøtet. Samarbeidssekretariatet vil ilag med ein brukarrepresentant frå Strategisk samarbeidssekretariat arbeide med ei konkretisering av oppgåver og mandat i forhold til SSU og Partnerskapsmøtet.</p>	
8/21	Møteplan 2022 – Strategisk samarbeidsutval	<p>19.jan, 27.april, 14.sept og 16.nov.</p> <p>Referat:</p> <p>I staden for 19. Januar vert det fysisk møte 26. Januar. Pga. høyringa ift Nasjonal helse- og sjukehusplan blir det eit teamsmøte i tillegg 23. Mars.</p> <p>27. April på Teams.</p> <p>14. September blir fysisk.</p> <p>16. November på Teams.</p> <p>Saker til SSU oversendast 14 dagar før møter.</p>	Mona Ryste
9/21	Innspel til Nasjonal helse- og sjukehusplan	<p>Nasjonal helse- og sjukehusplan – innspel frå Helsefelleskap M&R. Korleis involvere og svare ut dette for Helsefelleskap M&R?</p> <p>Frist 1.april 2022.</p> <p>Referat:</p> <p>Ref vedtak 9/21 i Partnerskapsmøtet 17.11.21:</p> <p>Vedtak:</p> <p><i>Partnerskapsmøtet i Helsefelleskap Møre og Romsdal gir Strategisk samarbeidsutvalg i oppgave å sikre lokal forankring og involvering i arbeidet med innspill til Nasjonal helse- og sykehusplan 2024-2027. Strategisk samarbeidsutvalg sender helsefelleskapets egne tilbakemeldinger, samt innspill basert på spørsmål i invitasjonen fra Helse og omsorgsdepartementet innen fristen 1.april 2022. Det skal i hovedsak sendes inn felles innspill fra Helsefelleskap M&R, men lokale innspill kan inkluderes.</i></p> <p>Vedtak:</p> <p>Spørsmåla ligg ved referatet.</p> <p>SSU ved samarbeidssekretariatet sender ut spørsmåla til dei lokale LSU og dei faglege samarbeidsutvala som skal arbeide konsensusbasert - vert levert til</p>	Mona Ryste Eli Otterlei



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Sakliste og Referat

		samarbeidssekretariatet innan 1. mars - blir vidare vedteke i SSU. Partnerskapet vert orientert.	
10/21	Utfordringar og moglegheiter i Helse Møre og Romsdal	Status og utviklingsretning HMR Referat: Orienteringssak. Vedlagt presentasjon. Styringsdata bør vere fast sak i SSU framover.	Torstein Hole
11/21	Utviklingsplan Helse Møre & Romsdal.	Orientering og informasjon før formell høring av utviklingsplanen (mars 2022). Referat: Orienteringssak. Vedlagt presentasjon. Status utviklingsplan vert teken til orientering. Planen vert send til høyring til alle kommunene tentativt 7. mars 2022.	Torstein Hole
12/21	Utfordringar og moglegheiter i kommunehelsetenesta	Status og utviklingsretning kommunehelsetjenesten Referat: Orienteringssak. Vedlagt presentasjon. Sjukehuskommunane ligg noko høgare i kostnad pr innbyggjar enn dei andre kommunane. Ein del landkommunar ligg lågare. Andelen multisjuka i Møre og Romsdal ligg på topp i landet. Veit vi noko om kva diagnosar som påverkar forskjellane i KOSTRA tal? Kan Magnussen modellen ha betydning? KPR vil på sikt kunne bidra med meir detaljerte tal. NPR er meir detaljerte og ein bør etterspørje tal i den hensikt å prøve å forstå. Vedtak: SSU bør engasjere seg i styringsdata og samhandlingsstatistikk skal settast opp fast i møta vidare.	Per Sverre Ersvik Leiar Partnerskap smøtet
13/21	Felles mal for handlingsplanar til dei faglege samarbeidsutvala.	Referat: Forslag til mal er vedlagt innkallinga. Det er bra at malen er forankra i Forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta. Faglege samarbeidsutval skal kunne forutsette at generelle føringar og analyser ligg i felles strategisk plan for Helsefelleskapet. Malen kan potensielt reduserast ytterlegare, men behalde forankring i forskrifta. Dei faglege samarbeidsutvala skal jobbe konkret med sine konkrete område og tiltak, planen bør innehalde kortfatta og presise formuleringar. Planar og tiltak som får økonomiske/ ressursmessige konsekvensar for partnerane må spesifiserast. Vedtak: Dei faglege samarbeidsutvala oppdaterer sine planar etter den nye malen før dei skal behandlast i SSU i januar. Eli Otterlei sender ut malen til leiarane i dei faglege samarbeidsutvala.	Mona Ryste



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Sakliste og Referat

14/21	Barn og unge si helseteneste i Møre og Romsdal	<p>Eit tverrfagleg/-etatleg samarbeid rundt barn og unge si psykiske helse i Møre og Romsdal</p> <p>Referat: Saka ligg som vedlegg til innkallinga. Torill Kvisvik skal inn i 100% som prosjektleiar i dette prosjektet frå 01.01.22. Manuela Strauss er prosjekteigar og avdelingssjef i BUP/HMR. HMR tek kostnadane ift koordinering av prosjektet. Det vil bli søkt tilgjengelege prosjektmidlar. Saka er ein del av tiltaka knytt til planen frå Fagleg samarbeidsutval for barn og unge som no er ute til høyring. Det faglege samarbeidsutvalet er også styringsgruppe for prosjektet. Det planleggast regionale samlingar rundt kvart sjukehus.</p> <p>Vedtak: SSU tek prosjektet til vitande og vil vedta handlingsplanane frå dei ulike faglege samarbeidsutvala i januar møtet 2022.</p>	Manuela Strauss Toril Kvisvik
15/21	Kompetanse og rekruttering	<p>Kompetanse og rekruttering - felles utfordringar i helseføretaket og kommunane.</p> <p>Korleis skal Strategisk samarbeidsutval bidra til å sikre stort fokus på desse utfordringane?</p> <p>Referat: Ref. Vedtak 14/21 i Partnerskapsmøte 17.11.21:</p> <p>Vedtak: <i>Arbeidet med å sikre og beholde helsepersonell med god og riktig kompetanse skal ha høyt fokus i Helsefelleskap Møre og Romsdal fremover. Helsefelleskapet skal samarbeide med utdanningsinstitusjoner for å utdanne helsepersonell, sikre praksisplasser og rekruttere helsepersonell til Møre og Romsdal.</i></p> <p>Bodil Haugen Våge orienterer kort ift litt historikk når det gjeld arbeid med og erfaringar knytt til ulike planar for kompetanse og rekruttering, utdanning og forskning – vedlagt presentasjon. SSU utfordrar Fagleg samarbeidsutval for forskning, utdanning og praksiskonsulentordninga i forhold til det vidare arbeidet her.</p> <p>SSU må ha dette på dagsorden i vidare møter.</p>	Kort innleiing: Bodil Haugen Våge Diskusjon/drøfting
16/21	Dialog/samtale om Helsefelleskap M&R's forventninger og suksesskriterier med å planlegge sammenhengen og skape bærekraftige tjenester til de fire prioriterte målgruppene.	<p>Referat: Mona Ryste gjekk gjennom prinsipp for korleis få til eit velfungerande helsefelleskap. Avtalen mellom KS og regjeringa.</p> <p>Bjørn Buan undersøker om KS kan bidra i møter med SSU ift kva KS kan bidra med inn i Helsefelleskapet ved Hilde Nauste Myhre, sigrid.askum@ks.no, Fagleder KS Helse.</p> <p>Vedlegg: Lenke til avtalen mellom KS og Regjeringen: Avtale mellom regjeringen og KS: Etablerer 19 helsefelleskap - KS</p>	Mona Ryste Diskusjon/drøfting



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Sakliste og Referat

		<p>Mona Ryste orienterer om prioriterte grupper for Helsefelleskapet og stiller nokre spørsmål om korleis dette kan bli eit godt Helsefelleskap. Vedlagt presentasjon. Samarbeidssekretariatet vert heilt sentralt i vidare arbeid. Vi bør kanskje lage ein kommunikasjonsstrategi ift Helsefelleskapet.</p>	
17/21	Eventuelt	Referat: Ingen saker.	Mona Ryste